

God og underhaldande sesongopning på Heio.

09.04.2015



Flinke fotballgutar saman med 2 av trenarane.

Torsdag var det klart for første fotballkamp på Heio denne sesongen då G13-laget til Uskedalen møtte Bremnes. Banemeister Steinar Haugland hadde gjort ein god jobb og hadde sytt for ei særskilt grasmatte til opningskampen. Dei to laga viste at dei sette pris på det ved å servera ein god, sjanserik, spanande og underhaldande kamp for publikum.

Uskedalen starta kampen med godt og sjanseskapande spel, og etter knapt 10 minutt fekk dei hol på byllen då Viljar S. Tveit sette inn det første målet. Dei kom fort ned att på jorda då gjestene kvitterte umiddelbart. Etter dette kom Bremnes meir med i kampen, men etter om lag 20 minutters spel scora heimelaget to kjappe mål ved Joacim Musland og Sondre Klyve. Bremnes reduserte til 3-2, før Uskedals-keeper Kristoffer Hauge avverga utlikning med ei kjemperedning! Utlikninga kom likevel i omgangens siste sekund, og dermed var stillinga ved pause 3 - 3.

Det var ein fartsfylt start på 2. omgangen, og heimelaget spela seg til fleire 100% sjansar utan å få scoring. Derfor var det mot spelets gang at Bremnes gjekk opp i leiinga 4 - 3. Like etter ordna Jostein Soldal utlikning til 4 - 4 på ei nydeleg heading etter innkast. Etter dette fulgte ein svært god Uskedalsperiode med mykje godt angrepsspel. Nokre av dei mange sjansane gav utteljing. Sondre sette inn 5 - 4 på returnen etter eit kjempeskot i stolpen av Kristoffer Hauge. Like etter gjorde Sondre det meste sjølv då han tråkla seg gjennom forsvaret og avslutta med eit godt skot.

Etter denne gode perioden og ei solid leiing 6 - 4, fekk heimelaget 2 kjappe mål midt i fleisen, og dermed vart sluttresultatet 6 - 6. Eit greitt resultat mellom to gode og jamne lag sjølv om underteikna meiner heimelaget var næraast sigeren.

Publikum fekk oppleva ein god og spennande kamp med flott innsats og topp oppførsel på banen. Alle jobba godt, og begge laga hadde svært gode keeperar.

Desse spela for UIL: Kristoffer Hauge, Marius Hauso, Joacim Musland, Jostein Soldal, Kristian K. Hansen, Jonathan Taranger, Viljar S. Tveit, Tørres Myklebust Lekva og Sondre Klyve. Ole Haukanes Eik, Fredrik G. Haugland og Ole Aleksander L. Lange spelar også på laget, men dei var ikkje med i kampen torsdag. Jonny Hansen er hovudtrenar medan Vidar Haugland og Oddmund Soldal også gjer ein god jobb i trenarteamet.

Ivar Gundersen dømde kampen og løyste oppgåva på ein god måte.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.